

# K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Mars • 1997

51. årg.

Dale kyrkje 40 år.

Sandra Wolland 17/3 - 1996 4 klasse Dale skule

**LES I PÅSKE-  
NUMMERET**

*Påsketankar frå  
Karna Aarflot  
side 3*

*Kyrkjelydsfest på  
Vaksdal  
side 4*

*"Godt nytt"-  
utdeling  
side 5*

*Barnelags-  
jubileum  
side 6 og 7*

*"Frå farne tider"  
side 8 og 9*

*Tankar om påska  
frå ei 14 år gammal  
 jente  
side 10*

**STOFF TIL NESTE NR.**  
må vera kome redaktøren i hende  
innan 16. april 1997.  
Bladet kjem ut i veke 20 som  
byrjar med 12. mai.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for  
samtales.

Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

**Vaksdal prestegjeld**

Kyrkjekontoret for Vaksdal  
prestegjeld:  
**Adr. Boks 113, Fabrikkvegen  
3, 5280 Dalekvam**

Kontortid: Tysdag, onsdag og  
torsdag  
kl. 09-13.30  
**Tlf. 56 59 61 20**

Soknepr. Frode Kvamsøe  
**56 59 73 15**, privat  
Kappelan Bård Egil Dyrhol  
**56 59 70 88** privat og kontor  
Kyrkjeverje Svein Tøsse,  
Heradshuset 4. etasje  
(tekn. kontor)  
**Tlf. 56 59 63 15 / 56 59 60 20**

**KYRKJEBLAD  
FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 100,-  
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyrar:  
Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.  
Kasserar:  
Asle Georg Karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese.

**Kvit messe-  
hakel i Dale  
kyrkje**

Som sikkert nokre har sett har Dale  
kyrkje fått ny kvit messekakel. Den vart  
fyrste gong teken i bruk ved Alle hel-  
gens dag - Helgemessesøndag 1996.  
Den skal nyttast i festtidene.

Den er laga av Ragnhild Arneberg i  
samarbeid med Kirkelig Kulturverksted.

Dale sokneråd har sendt ei hjarteleg  
takk til Arneberg for vel utført arbeid.  
Soknerådet er takksame for dette fine  
kunstverket.

Det går elles fram av brevet til  
Kirkelig Kulturverksted at det har kome  
positive tilbakemeldingar frå mange  
personar.

Kyrkjebladet vil seinare gje bilete av  
messekakelen med ein av prestane som  
mannekeng.

**Årsmeldingar****Dale**

Av årsmeldinga frå Dale sokneråd for  
1996 går det fram at dei har hatt 12 møte  
og handsama 80 saker. Av ting kan nem-  
nast: Innkjøp av ny messekakel, prose-  
sjonskors, Daledagane og jubileumsfei-  
ring.

Det har vore 33 gudstenester på Dale  
og Stanghelle. Jubileumsfeiringa sette  
sjølvsgagt sitt preg på 1996 og boka om  
Dale som kyrkjestad vart bestseljar hjå  
den lokale bokhandelen før jul.

**Stamnes**

Stamnes sokneråd har i 1996 hatt 7  
møte der dei har handsama 42 saker. Det  
har ikkje vore nokon store saker i 1996.

Julia Harbrecht hadde 72% permisjon  
1. halvår og 50% frå august. Organisten  
på Dale var vikar for henne ved gravfer-  
der.

Det kan elles nemnast at det var kyr-  
kjelyds-Weekend til Fagertun.

**Gravferdkappar**

Prestane i Vaksdal prestegjeld vil no  
ta i bruk gravferdkappar, heiter det i eit  
skriv frå sokneprest Frode Kvamsøe. På  
vinterstid kan det vera godt å ha noko  
ekstra på når veret ved gravferder kan  
vera både surt og kaldt.

Stoffet er ei gåve frå Dale A/S, og  
kappane er sydd av Arnhild Eidsnes,  
som driv Modalen Systova.

Ytterstoffet av kappane er av 50%  
 bomull og 50% polyester, og dei er vass-  
og oljeavstøytande. I tillegg er dei im-  
pregnerte med eit belegg på baksida.  
Foret er i 100% bomull og er gjort flam-  
mehemmande.

**For kristne  
heimar i  
Det norske hus**

-Vi har ein visjon om å byggja kristne  
heimar i Det norske hus. Og på same  
måten som det er godtatt at det er viktig  
med kristne dagsavisar, treng vi ein kris-  
ten riksradio. Ikkje minst etter som  
kommersialiseringa aukar og dei ned-  
brytande kreftene får meir å seia. Då  
treng vi eit alternativ. Men vi vil ikkje  
berre bli sett på som eit alternativ til  
alt det andre, vi skal positivt formidla  
den kristne bodskapen og den kristne  
kulturen; få fram kva kristne menneske  
har opplevd. Men sjølvsgagt vert det ik-  
kje berre typisk kristne innslag. Radioen  
skal nå vidare enn til kristenfolket. Men  
nøyaktig korleis radioen vil lyda, det  
veit vi ikkje i dag, seier nyttilsett sjef for  
Kristen Riksradio, Preben Colstrup, til  
Kristeleg Pressekontor.

-Kva for ei målgruppe satsar de på?  
-I første omgang dei over 30 år. I nes-  
te runde også barn og unge.

(KPK)



# Alvor og glede kjem nær i påska,

seier bispinne Karna Aarflot.

**-Kvar år opplever eg dramatikken i samband med påska så nær,** fortel bispinne Karna Aarflot.

Ho fortel at påska har svært mykje å seia for henne:

-Påska er avgjerande for alle kristne. Det er påska som er grunnlaget for frelsa og for vona om det evige livet. Jesus stod opp att! Det gir oss æveperspektiv. Den dramatiske langfredagsbodskapen opplever eg sterkt kvart år. Då vert eg gripen av eit djupt alvor, medan første påskedag, med bodskapen om Jesu oppståde, fyller sinnet med glede.

-At Jesus sa til røvaren på krossen ved sida hans, at han skulle få vera med Jesus i æva. Når klokkene kimar første påskedag, blir sinnet fylt av høgtid. Det er ein stor dag i vår familiefeiring, fortel fru Aarflot.

Familien Aarflot har ofte brukt å vera på hytta frå palmesøndag til onsdagen i påskeveka.

-Deretter reiser vi heim for å gå i kyrkja og møta Guds kyrkjelyd sjølv påskedagane, det er det store ved feiringa.

Karna og Andreas Aarflot har fem barn og ti barnebarn. Andreas har vore biskop i 20 år.

-Når ein er gift med ein prest eller biskop, vært kona nær knytt til mannens teneste. Eg deltar i mykje av det som mannen min er opptatt av, fortel Karna. Ho har levd eit rikt liv, og dei har hatt mange gjester opp gjennom år.

-Men det har vore flott å få møta så mange og få vera med ved store hendingar som visitasar og jubileum. All kontakten vi har hatt med kyrkjelydane kringom, har vore med på å gjera livet vårt rikt. Og så møter vi så mange positive menneske.

-Under ei reise til Sør-Afrika for eit par år sidan, fekk vi møta nokre bønekvinner som gjorde eit sterkt inntrykk på meg. Dei kom saman for å be, og dei gjekk rundt i heimane for å forkynna evangeliet. Dersom nokon vart sjuk, gjekk dei for å stella for dei og familiene deira. Desse bønekinnene var på besøk hos oss i haust i tre veker, og dei var med både i Oslo og Stavanger. Det var ein veldig inspirasjon for oss, fortel Karna Aarflot.

**Kristin Wennemo, KPK**

-Det store ved feiringa er å gå i kyrkja påskedagane, seier Karna Aarflot.

KPK-foto: Kristin Wennemo



## Dei forfylgde si stemme

Norsk Misjon i Øst (tidlegare Misjon bak Jernteppet) feirar 30-års jubileum i år. Først bar organisasjonen røysta frå kristne i Sovjet sine fangeleirar til vesten, men oppdraget slutta ikkje då jernteppet falt. Framleis arbeidar Norsk Misjon i Øst i det tidlegare Sovjetunionen, der den sosiale nauda er enorm og der kristne treng å få høyra og lesa Guds ord. Litteratur, radioevangelisering og sosial hjelp er ei viktig handsrekking til land i aust.

Sjølv om jernteppet er borte, lir framleis kristne bak "bambugruppen" og "i skuggen av moskeen." Oppgåva med å stå "saman for dei forfylgde" er ikkje vorte mindre enn den var!

I dag er kristendomen ein minoritetsreligion i 87 land i verda, men det er feil å hevda at dei kristne lir i alle desse landa. Like fullt er det eit beklageleg faktum at forfylgjingane aukar og at det skjer stadig fleire brot på menneskerettserkleringa si § 18, som skal sikra religion- og trusfridom. I fleire land vert presset på dei kristne så stort at dei vert tvinga til å gå over til islam. Dette er mellom anna tilfelle i Egypt der fleire tusen kvart år ikkje ser anna høve enn til å gå over til islam. På tross av at religionsfridomen er lovfesta i landet, vert dei kristne behandla som annanrangs borgarar og opplever sterkt press, både sosialt og økonomisk.

(KPK)



Kristne lir bak stengde dører

# Kyrkjelydsfest på Vaksdal

Laurdag 11. januar skipa Vaksdal sokneråd til kyrkjelydsfest i bedehuset. Der var det gang rundt julereet og anna variert program. Båd Egil Dyrhol hadde andakt der han sa at me ikkje måtte pakka ned julebodskapen saman med julepynten, men lata det store ljós, Jesus lysa for oss kvar dag.

## Nitti år

Kveldens høgdepunkt var at ein ville feira at Gunvor Bjørsvik vart 90 år 16. januar.

Ho fekk helsing frå speidarane KFUK, Bergen krets. Speidarjenene gav Gunvor kvar si rose og fekk ein varm klem att.

Jakob Kalleklev helsa frå kyrkjelyden og tok fram det som står i Luk. 2 om Anna Fanuelsdotter som no var 84 år. Ho var aldri borte frå templet og prisa Gud i faste og bønnatt og dag. -Me har ei slik Anna Fanuelsdotter her på Vaksdal, sa Kalleklev og såg bort på Gunvor, ho er ikkje 84, men nitti år.

Gunvor svara at det var Gud å takka for alt saman. Det var han som skulle stå i sentrum, ikkje ho. Ho minna om Jesaja 40 vers 31 der det står: " Men dei som ventar på Herre får ny kraft; Dei lyfter vengene som ørna, dei spring og trøytnar ikkje, dei går og mødest ikkje.

Gunvor fekk med seg rik signing for dei komande år.

**Bjørn Knutsen**



Ein hjerteknusar som var med på festen på Vaksdal.

Foto: Bjørn Knutsen



Gunvor Bjørsvik saman med Elisabeth Dyrhol og speidarjenter.

Foto: Bjørn Knutsen



Gunvor Bjørsvik, eller Anna Fanuels-dotter som Jakob Kalleklev kalla ho får her blomar frå Kalleklev i høve 90-års dagen.

Det var ikkje tvil om at blomane var Gunvor vel unt.

Foto: Bjørn Knutsen



Yngre og eldre kosa seg på festen på Vaksdal. Far Nils Kåre og bestefar Albert har det i alle fall triveleg.

Foto: Bjørn Knutsen

## UTDELING AV GODT NYTT

Biletet til høgre syner 4. klassingar ved Dale og Stanghelle skular saman med Bård Egil Dyrhol då dei fekk utdelt "Godt Nytt" under familie gudtenesta i Dale Kyrkje 26. januar. Elevane deltok også med dramatisering av teksten for gudstenes ta.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Ved familiegudstenesta i Vaksdal kyrkje 2. februar fekk 4. klassingane utdelt "Godt Nytt". Her ser me dei på biletet til venstre saman med Frode Kvamsøe.

Foto: Bjørn Knutsen

4. klassingar frå Stammes (biletet til høgre) fekk utdelt "Godt Nytt" under familiegudstenesta søndag 9. februar.

Her ser me dei saman med Bård Egil Dyrhol medan dei dramatiserer teksten.

Foto: Arne Normann



## BARNELAGSJUBILEUM

### Vaksdal

I 1997 er det 15 år sidan Reidun Skurtveit starta fleire barnelag i Vaksdal kommune.

Tysdag 2. februar 1982 vart det første stifta på Vaksdal der mellom anna Gudrun Boge Karlsen var med og hjelpte til. Dei hadde møte annakvar tysdag og laget har vore i drift like til nå, men har for tida ein pause. Reidun stifta også yngreslag på Vaksdal og det er framleis i drift.



Reidun Skurtveit gjorde mykje godt arbeid i Vaksdal.



Ivrige songarar i Vaksdal barnelag

### Dale

17. februar gjekk startskotet for Dale Barnelag og dei var samla på nysesalen i forsamlingshuset annakvar onsdag der Reidun og Ottar Dalseid var med som leiarar. Laget på Dale har diverre lege nede nokre år.

Reidun Skurtveit drog elles i gang lag i andre bygder i Vaksdal og var med mellom anna i "Liljekonvallen" på Eidsland. I denne tenesta sto ho til ut 1990 og det var ei rik teneste, seier ho.

Bileta frå 1982 frå Vaksdal og Dale har me fått låna frå Venehelsing organet til Nordhordland Indremisjon, dei er tekne av Karsten Heggernes.

Gudrun Boge Karlsen ein av hjelpeleiarne på Vaksdal i full gong med å få borna til å synga, dette er frå 1982. Dette barnelaget har tatt ein liten pause.



Randi og Tove Takvam var trufaste på barnelaget på Dale.

## Stanghelle

Av reine barnelag er det berre Stanghelle som er i drift for tida. Dei samlast på Stanghelle Bedehus annakvar onsdag og 19. mars skal dei feira 15-års jubileet med familiemøte på Stanghelle Bedehus. På dette møtet vert Reidun Skurtveit med.

Stanghelle Barnelag har svært godt frammøte og møta har innslag av andakt, song og hobby. Foreldra står svært godt opp om tiltaket og medan borna driv med sitt kan dei nyta ein god kopp kaffi som Arne Verpelstad har trylla fram.

Leiarane i barnelaget er Anne S. Hol, Ingrid Verpelstad og Kristin Bildøy Boge.

Familiemøte er det eit av i kvart semester.

**R.K.**



På barnelaget er det lov å grisa. Her er det avtrykk av handa som er gjort.

Foto: Reidar Takvam




For at foreldra skal få nyta kaffikoppen medan borna held på med sitt er det nokre som må trø til bak kulissane. Her er ein smilande "kaffitrylle-kunstnar, Arne Verpelstad.

Foto: Reidar Takvam



Her er gjengen samla saman med leiarane. Bak til høgre står Kari Undeland som var med på Barnelaget 5. februar. Ho er ungdomssekreterær i Nordhordland Indremisjon.

Foto: Reidar Takvam



## FRÅ FARNE TIDER



Her er Kvinneforeinaga til Norsk Misjonsselskap på Boge. Biletet er teke av Gunnar Nordmark. Det er litt usikkert kva tid biletet er frå, men kona til Gunnar, Dagny, som bur i Bergen seier at det er frå ein gong mellom 1960 og 1962 og biletet er teke i heimen deira i banken på Vaksdal.

I dag er det berre Borghild Simmenes som lever og ho er omlag 82 år.

Fv.framme: Margit Th. Boge, Marta J. Boge, Marta Strømme Boge, Dagmar Jamne og Maria Bruvik.

Fv.bak: Anna N. Boge, Jenny K. Boge, Magdeli Haga, Borghild Simmenes, Kathinka Boge, Alfild Vaksdal og Margit Vaksdal.

I dette nummeret skal me gje nokre  
glimt frå nr. 1. januar 1948.

### Anton Salhus

Lasse Vassenden hadde eit stykke der han skreiv om kyrkjesongar og lærar Anton Salhus på Stamnes som hadde 25-års jubileum som kyrkjesongar 2. juledag 1947. Han starta i 1922 og var med si gode songrøyst ein dugande songleiar i dei tre åra før orgelet kom. I 1925 fekk Stamnes kyrkje orgel og Anton Salhus (biletet) var sjølvskriven organist. I 1925 vart han også tilsett ved det nye korbedehuset på Eidsland.

Salhus vart fødd i 1884 i Åsane og tok lærareksamen i 1904 snautt 20 år gammal.



### Helgedagar

Det er ikkje berre i vår tid at det har vore på tale å flytta Kristi Himmelfartsdag. Dette var også oppe til debatt i 1947 etter eit skriv frå departementet, men alle sokneråda i Bruvik rådde frå at dette vart gjort. Det var også på tale å flytta beddedag, det vart også frårådt.





## Konfirmantane på Stamnes i 1947

### Konfirmantprolog frå 1951

Dette året har me hatt litt frå farne tider: Prologen nedanfor er frå Ullensvang, han er skriven av Bjørn Svoldal, far til Liv Grøsvik.

Ut frå heim og barneskule, og frå høge kyrkjehallar,  
Norig sine yngste troppar fram til onn og yrke kallar.  
Tusund gilde konfirmantar, friske fagre ungdomsflokkar  
strøymer fram på nye vegar, der så mangt og ukjent lokkar.

"Ukjent land" dreg alltid hugen hjå kvar møy og friske guitar,  
Difor stundar tidt dei unge vegen over hav og høge nutar.  
Far og mor må ikkje stengje utferrsdragnaden i hugen.  
Det vil oftast berre leggje vali hand kring tiltaksdugen.

Men frå desse gamle grender kjem i dag eit fagna fylgje,  
det er blom på fagre strender, klædd i liv og lauv i sylgje.  
Det er vænt med slik ein bunad, minner oss om kvorvne dagar  
Arven etter gamle fedrar, fylgjer kor det enn seg lagar.

Flokk på flokk i år og aldrar, bøygde kne ved altarringen.  
Og med von og tru og styrke, gjekk dei hugheilt laus på tingan

Når de ser på heim og hagar. Kinsarvik og Ullensvang,  
var det mange travle dagar i ei vinne tung og lang.  
Men, - høgt over helg og yrke, låg ein tone vår og klang.  
Båt ved båt på veg til kyrkje, spegla fjorden i sitt fang.

Klokka klang i sorg og saknad, sundagstund og høgtidsferd.  
Dåp og viggle, konfirmantar,- trøytte som la staven ned.  
Alt så stilt seg samanmengde til ein sjelitone varm.  
Glade, gløgge var dei gamle, hugen var 'kje tom og arm.

De som rann av desse røter har ein arv å akte på.  
Sjølv om andre tider møter, må me alltid vakne gå.  
Nye tider, nye tankar, nye tonar, nye krav,  
fagre ting frå eldre dagar ser me luter mot si grav.

De er born av denne tidi, møter alt som strøymer på.  
Far og mor, som prest og lærar, lyt nok det i auga sjå.  
Ung og ureynd går du vegen, mangt og mykje byd til fest.  
Vil du taka alt i fanget, blir du snart ein usæl gjest.

Som ein gufs frå myrke heimar drykken rår i by og land.  
Heim og hugnad vil han øyde, legg så mange liv i band.  
Fyll og fest med rus og rangel tyner freden i kvar barm.  
Slag og slåsting, kiv og krangel gjer sin mann 'bå klen og arm

Nei, lat land med heim og himmel bli det syn som fangar deg.  
Då skal kvar ein ugdom finne at han går den beste veg.  
Fram til verket, sjå det ventar. Her er bruk for ånd og hand.  
Vel det yrket som du likar, då du gagnar folk og land.

Høyr det ropar på det ungdom: "Gjer det beste som du kan.  
Lær deg strida, ofra, tola. Gøydm det fagre som du fann."  
Lukke til i livsens vinna, det er der du høyrer til.  
Er du trugen, vil du finna at du sluttar med eit smil.

# Den dramatiske påsketida

av Kristin Astrid Berland Øystese (14)

## PALMESØNDAG

På palmesøndag reid Jesus inn i Jerusalem på eit esel. Han vart hylla som ein konge. Folk strøynde til og la palmegreiner og kappane sine framfor han på vegen.

## DEN STILLE VEKA

Veka mellom palmesøndag og påskedag kallar vi den stille veka. I denne veka skal vi tenkja på Jesus og det han leid for vår skuld.

Då Jesus var i Jerusalem dreiv han bort alle dei som var i templet og handla og selde varer. Guds hus skulle vera eit bønehushus, ikkje ei røvarhole. Øvsteprestane og dei skriftlærde likte ikkje Jesus, dei ville bli kvitt han. Derfor gjorde dei ein avtale med Judas, ein av lærersveinane til Jesus. Han skulle visa dei kvar Jesus held til. Judas fekk tretti sølvpengar for å svika Jesus.

## SKIRTORS DAG

På skirtorsdagen åt Jesus påskelammet saman med lærersveinane sine, og han innstifta nattverden. Jesus vaska føttene til lærersveinane sine, og minna dei om at slik han hadde tent dei og synt dei kjærleik, slik skulle dei elskaa og tena kvarandre. Han trøysta dei fordi dei var leie for at han skulle døy.

Same kvelden gjekk lærersveinane og Jesus til ein hage som heitte Getsemane for å be. Jesus ba lære-sveinane halda seg vakne medan han bad, men dei sovna likevel. Etter ei stund kom Judas og nokre soldatar for å ta Jesus til fange. Soldatane førte Jesus til øvstepresten. Peter fornekta Jesus og sa at han ikkje kjende han tre gonger, akkurat slik Jesus hadde sagt.

## LANGFREDAG

Tidleg om morgonen vart Jesus stilt fram for Pontius Pilatus, den romerske hovdingen i Jerusalem. Jesus vart dømd til døden. Dei krossfesta han på Golgata. (Golgata tyder hovudskalle).

Jesus døydde og vart gravlagd denne dagen.

## PÅSKEAFTA

Jødane var redde for at nokon skulle stela Jesu lik og fekk Pilatus til å setja vakter til å passa grava, og han sette ein stor stein framfor gravopninga.

## PÅSKEDAG

Tidleg om morgonen påskedag kjem Maria, Marta og Maria Magdalena til grava, men Jesus er ikkje der, han er stått opp att. Maria Magdalena snakka med han i hagen og han viste seg for lærersveinane.

Vi feirar denne hendinga i to dagar, 1. og 2. påskedag, fordi påskedagen betyr mykje meir enn ein vanleg heilagdag. Før i tida feira dei påska og oppstoda i ei heil veka. Vi kan seia at påskedagen er mor til alle søndagar. Etter Jesu oppsto-de byrja dei kristne å samlast på denne første dagen i veka, det var den dagen Jesus stod opp. Og sidan den første kristne tid har kvar søndag vore ei påminning om den levande Frelsaren.

(KPK)

## Han er oppstanden

Han er oppstanden. Halleluja!  
Lov ham og pris ham! Halleluja!  
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.  
Han har beseiret mørke og død.

Ref.:

Lov ham og pris ham,  
vår Frelser og venn,  
han som gir synderen  
livet igjen.  
Halleluja! Vi skylfrie er,  
Halleluja! Vår Jesus er her.

Tre dager dødens fange han var  
før han stod opp og seiren var klar.  
Tvers gjennom gravens  
stengsel han gikk.  
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.

Engelen ropte: Frykt ikke mer!  
Han som du søker, er ikke her.  
Se der er stedet hvor han ble lagt.  
Han har stått opp -  
som selv han har sagt.

Gå og forell at tom er hans grav.  
Livet han vant, da livet han gav,  
Gav det for oss og kjøte oss fri.  
Frelse og fred han alle vil gi.

## KYRKJESTADEN DALE 100 ÅR Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje bilet-stoff både i svart/kvit og i fargar og er til salgs for:

kr. 150,-  
hjå Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.  
Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5280 Dalekvam.  
Tlf. 56 59 61 20

## LEIR FAGERTUN

Post-pinseleir  
**30. mai - 1. juni**  
Alder 18 år og eldre  
Påmelding og informasjon:  
Norges Samemisjon,  
Bergen Krets  
Sparebankgt. 4 A,  
5017 BERGEN  
Tlf. 55 31 65 06  
mellan 9.00 og 14.30  
ikkje onsdag.



På leir kan ein verkeleg ta seg ut.

**Me leverer:**

- \* Kaldtbord \* Snittar \* Pizza
- Be om forslag / Pris



5273 Stanghelle  
Tlf. 56 59 53 33  
56 59 51 02 (ordretelefon)

- \* Bakarvarer
- \* Konditorvarer
- \* Gode middagsrettar
- \* Me leverar snittar, kaldtbord og middag på bestilling



*cafe Marie*

Vaksdal Senter. Tlf. 56 59 75 41

**SOL<sup>90</sup>s SALONG**

Dame og herrefrisør  
5280 Dalekvam Tlf. 56 59 66 96  
Opningstider: Månd. - Fred.: 9.00 - 16.30  
Annakvar laurdag: 9.00 - 14.00

**STORE PÅSKETILBUD HOS OSS**  
-og vi ønsker god påske.

**DALE AUTO SERVICE AS**

Postboks A, 5280 Dalekvam  
Tlf. 56 59 66 35

**Trelast og byggevarer**

**DALE TRELAST a/s**

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5280 Dalekvam

**LESESTOFF?**

Me har meir enn du trur  
Me er også kommisjonær for  
Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

**PETERSEN & YPSØY AS**  
BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER  
5280 Dalekvam Telefon 56 59 61 58

**Velkommen til**  
**Blomsterbutikken på Dale**  
Månd. - Torsd.: 9.00 - 17.00,  
Fred.: 9.00 - 18.00  
Laurdag: 9.00 - 14.00

**Blåveisens**  
BLOMSTER OPPRÅTER - BLØDEBLIKKET

56 59 67 70



**STAMNES HANDELSLAG**  
Tlf. 56 59 82 02 - 56 59 82 03

**-DAGLEGVARER**  
**-JERNVARER**  
**-BENSIN**



**MEDLEMSFORDALER**  
71 9999 000106  
**kjøpeutbytte**

**Dale Handelsforening**

Avd. Dale Tlf. 56 59 61 01  
Avd. Stanghelle Tlf. 56 59 50 35

**ALT I KJØKKENINNREDNING**

**BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE**

**SNEKKER**  
**KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

**SLEKTERS GANG****DØYPTE****DALE**

26.01 Amalie Kallestad  
26.01 Tara Celine Hop  
23.02 Stine Sofie Lid  
23.02 Vegard Birkeland Johansen

**VAKSDAL**

02.02 Vilde Marie Folgerø

**AVLIDNE****DALE**

07.02 Ruth Myrtel Langhelle, f. 1920  
11.02 Maria Lægreid, f. 1921  
17.02 Birger Takvam, f. 1899

**VAKSDAL**

05.02 Margot Samuelsen, f. 1925

**BERGSDALEN**

06.02 Anders Lid, f. 1897

**STAMNES**

26.01 Anders Kaland, f. 1910  
07.02 Jakob Østrem Dyvik, f. 1919

**EKSINGEDELEN**

05.12 Ingebjørg Fjellanger, f. 1903

**VELKOMEN TIL  
KYRKJE****23.mars - Palmesøndag**

**DALE kl.11.** Dyrhol. Offer til Dronning Mauds Minne - kristen før-skule.  
**EKSINGEDELEN kl.11.** Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
**BERGSDALEN kl.12.30**  
Sportsandakt. Dyrhol.

**27.mars - Skjærtorsdag**

**DALE kl.11.** Dyrhol. Nattverd.  
**STAMNES kl.17.** Dyrhol. Nattverd.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

**28.mars - Langfredag**

**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol.  
**EIDLSDAL kl.17.** Kvamsøe.  
**NESHEIM kl.20.** Kvamsøe.

**30.mars - 1.Påskedag**

**DALE kl.11.** Kvamsøe. Offer til Det Norske Misjonsselskap.  
**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol. Offer til Det Norske Misjonsselskap.  
**NESHEIM kl.11.** St. Markus. Offer til KFUK/KFUM St. Markus.  
**BERGSDALEN kl.20.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**31.mars - 2.Påskedag**

**STAMNES kl.11.** Kvamsøe. Nattverd.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.

**6.april - 1.søndag etter påske**

**DALE kl.11.** Thomasmesse. Kvamsøe og Dyrhol. Nattverd.

**13.april - 2.søndag etter påske**

**VAKSDAL kl.11.** Fam.gudst. Dyrhol.  
Offer til IKO.

**20.april - 3.søndag etter påske**

**DALE kl.11.** Dyrhol og repr. frå Bildøy Bibelskule. Offer til Bildøy Bibelskule.  
**STAMNES kl.17.** Dyrhol og repr. frå Bildøy Bibelskule. Offer til Bildøy Bibelskule.

**27.april - 4.søndag etter påske**

**BERGSDALEN kl.11.** Dyrhol. Offer til Den Norske Santalmisjon.  
**NESHEIM kl.11.** Kvamsøe. Nattverd.  
Offer til Den Norske Israelsmisjon.

**1.mai - Offentleg høgtidsdag**

**VAKSDAL kl. 9.30** Dyrhol. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.  
**DALE kl.11.** Dyrhol. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon - norsk kirke i utlandet.

**4.mai - 5.søndag etter påske**

**DALE kl.11.** Konfirmasjonsgudst.  
Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeid i Dale sokneråd.  
**VAKSDAL kl.11.** Konfirmasjonsgudst.  
Dyrhol. Offer til Redd Barna.

**8.mai - Helgetorsdag**

**VASSBAKKENSTEMNA - kl.11.**  
Kvamsøe og Dyrhol.

**11.mai - 6.søndag etter påske**

**STAMNES kl.11.** Konfirmasjonsgudst. Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.  
**EKSINGEDELEN kl.11.** Vikar.  
Nattverd.  
**STANGHELLE kl.18.** Vikar Offer til Radio Vaksdal.

## Kyrkjedagar i Trondheim

Frå 27. - 31. juli 1997 vert arrangementet "Norske Kirkedager 1997" skipa til i Trondheim.

Det er noko for alle aldrar. Er det nokon som vil vita meir kan ein ringja eller skriva til:

**Norske Kirkedager 1997,**  
Prinsensgt. 10 A, 7013 Trondheim.  
Tlf. 73 52 05 80 Faks.: 73 53 27 15.

Vil du dit er det nok best å vera tidleg ute.